



**Røysterett for alle med basen sin i Uskedalen er eit populært kor, og no er det invitert til festival i Småland i Sverige fra 10. til 12. juni i Sverige neste år.**

**Cantate Småland har vorte arrangert i 6 år med fleire internasjonale kor som deltakarar og festivalen har vorte populær både i USA og Europa..**

Det startar 10. juni med med venskapskonsert i området tradisjonelle kyrkjer kombinert med eit lett måltid.

Dagen etter er det besøk i trebyen Eksjö med utomhuskonsert i sentrum, Byen har gjort seg kjend for sin militære tattoo i august.

Tredje hovedarrangement er ein stafett-konsert i Sävsjö/Vrigstad.

Punktum er 'grand-final-konserten' med gallamiddag i det forsommer-vakre Småland.

På bildet over er koret i Haugesund der songarane varmer opp på kaia.

(Foto: Kjell Magne Haugland)